

JORAMO BYGDEALMENNING

ÅRSMELDING FOR 2017

ADMINISTRASJON

Styre:

<i>Tor Ivar Hovhaugholen - leiar</i>	<i>(2014 – 2018)</i>
<i>Birger Brækken – nestleiar</i>	<i>(2014 – 2018)</i>
<i>Pål-Lasse Torstad</i>	<i>(2014 – 2018)</i>
<i>Arne Hage</i>	<i>(2016 – 2020)</i>
<i>Øivind Groven</i>	<i>(2016 – 2020)</i>
<i>Irene Amundgård</i>	<i>(2016 – 2020)</i>

Varamedlemer 2016 -2020:

- 1. Britt Elin Gråberg*
- 2. Tore Amundgård*
- 3. Morten Hovhaugholen*

Varamedlemer 2014 – 2018:

- 1. Håvard Syse*
- 2. Konrad Eithun*
- 3. Dag Siljehaug*

Valgkomitè:

Tor Egil Selsjord – leiar
Ola B. Killi
Arnulf Bentsdal

Varamedlem til valgkomitèen:

Ellen Marie Sørungård Syse

Dovre elgutvalg:

Tor Ivar Hovhaugholen

Jorkvitlan grunneigarlag:

Tor Ivar Hovhaugholen

Revisor:

Ola Jakob Myhre, PricewaterhouseCoopers AS Lillehammer

Kontor:

Det er inngått avtale datert 03.03.2017 med *Lesjar Regnskap og Rådgivning AS* om levering av tenester innan rekneskap, mva, faktura, lønn, årsoppgjer og rapportering.

Solfrid Marie Lien sa opp stillinga som ålmenningsstyrar. 10.11.2017 etter å ha vore sjukemeldt frå 31.08.2016.

Det er inngått arbeidsavtale med *Narve Tveiten* 13.12.2017 om styrarfunksjon. Han var i perioden 15.06. – 31.12. mellombels engasjert som vikar for ålmenningstyrar, og var før det sporadisk kontorhjelp.

Det er gjennomført 7 styremøter.

Årsmøtet 2017 vart heldt på Joramo Næringstun 19. april med 2 bruksrettshavarar og 6 styremedlemer til stades.

SPESIELLE STYRESAKER I 2017

Tilbygg til ambulansestasjon.

Tilbygget til ambulansestasjon stod ferdig i februar. *Lesja og Dovre Byggconsult* har stått som tiltakssøkjjar, og *Roar Nilstad* har leia byggjearbeidet.

Leigeavtala med *Sykehuset Innlandet* gjeld i 10 år fram til 01.01.2027. Leigar har rett til å forlenge avtala for to og to år etter dette, fram til 2037.

Styrarfunksjonen

Styreleiar har, dels med hjelp frå andre styremedlemer, utført kontortenester og ein del andre arbeidsoppgåver pga at styrar har vore sjukemeldt.

BRUKSRETT

Pr. 31.12.2017 var det 110 bruk i Lesja og 49 bruk i Dovre som har bruksrett i Joramo bygdealmemming, i alt 159 bruk. Det er som året før.

Det er utbetalt kr 231.678 i *bruksrettsytingar og tilskot* til bruksrettshavarar, mot kr 116.996 året før.

Det vart blinka ved på rot 15 bruksrettshavarar dette året; fire hogstar på Vestsida og resten ved nye og gamle setervegen nedanfor 3. lina.

Oversikt over *beitebruk* (fjorårstall i parentes):

696 (691) søyer og 1273 (1279) lam, totalt 1969 (1970) vart sleppt på beite i ålmenninga.

19 (27) søyer og 50 (80) lam gjekk tapt. Som tidlegare skuldast ein del av tapet no som før dyr som er påkjørt av tog.

I tillegg vart det sleppt 130 (121) storfe. 3 dyr gjekk tapt. Eitt dyr vart avliva. For dei to andre er årsak ukjent.

SKOGBRUKET

Skogkultur

Det er ikkje utført skogkultur i 2017.

Skogsdrifter sesongen 2016/2017.

Det har ikkje vore skogsdrifter i 2016/2017

JAKT

Elg- og hjortjakt

Hjortjakt	Lag:	<i>Hans Nørstebø</i>
	Kvote:	1 fritt dyr
	Felling:	ingen

Fjellfeltet	Lag: <i>Inge Birger Groven</i> Kvote elg: 1 eldre okse, 1 yngre okse, 2 ungdyr/kalv Kvote hjort: 1 fritt dyr Felling elg: 2 vaksen okse (255kg og 200 kg), 2 ungdyr okse (122 kg og 150 kg) Felling hjort: ingen
Skogfeltet	Lag: <i>Johan Hage</i> Kvote elg: 1 yngre okse, 1 eldre ku, 3 ungdyr/kalv Kvote hjort: 1 fritt dyr Felling elg: 1 vaksen okse (168 kg), 1 ungdyr okse (140 kg) og 2 ungdyr Kolle (128 kg og 110 kg) Felling hjort: 1 ungdyr bukk (48 kg)

Småviltjakt

Oversikt over kortsalg(inkl. 3 gavekort):

Korttype:	Prisar (u.b./i.b./br.r.)	Utanbygds:	Innanbygds:	Bruksrett:
Sesongkort med hund (rupe+hare)	1000/500/0	11+7	11	1
Sesongkort utan hund	990/490/0	6		
3-dagars kort med hund	600/---/---	4		
3-dagars kort utan hund	590/---/---	2		

Resultat etter leverte fangstoppgåver (tall fra 2016 i parentes).

Hare: 4 (3) stk. på 28 (16) jakt dagar fordelt på 5 (4) jegerar.

Rupe: 49 (68) stk på 79 (134) jakt dagar fordelt på 22 (34) jegerar.

Bestandsvurdering frå jegerane.

Hare: Medels-

Rype: God-

Taksering/oppsyn:

Jo Halgunset utførte rypetaksering i august.

Fangstgrensa vart også i 2017 sett til 1 rype per dag / maks 5 ryper per sesong per jeger.

Reinsjakt

Snøhetta:

Kvote: 2 frie dyr, 5 klufbuk, 6 simle/ungdyr og 7 kalv.

Felling: 3 eldre bukk, 2 yngre bukk, 3 eldre simle, 1 yngre simle og 1 simlekalv (fellingsprosent = 50)

Rondane nord:

Kvote: 1 fritt dyr, 1 simle/fritt u/40kg og 1 kalv

Felling: 1 eldre bukk og 1 yngre simle (fellingsprosent = 67)

Rådyrjakt

Bukkejakt: ingen søkjarar

Lagjakt felt 1 (sør for Raumabanen): *Erland Løkken*
" " 2 (nord for Raumabanen): *Øivind Holen*

Kvote: 5 dyr
Felling: 1 bukk og 3 geit

UTLEIGE AV NÆRINGSBYGG

Leigetakarar pr. 31.12.2017:

Sykehuset Innlandet Ambulansesetasje

Norsk Landbruksrådgivning

Gudbrandsdalen:

Tilsett: *Leif Martin Svisdal* - rådgjevar

Q-meieriene:

Tilsett: *Thor Morten Lindsø* – produksjonsrådgjevar.

FORTSATT DRIFT:

Forutsetning vedrørende fortsatt drift er tilstede og årsregnskapet for 2017 er satt opp under denne forutsetning.

ØKONOMI

Regnskapet for 2017 viser eit overskot på kr 78 811 mot kr 212 564 i 2016. Det som har påverka resultatet mest i høve til forrige år er:

- + Husleigeinntekter, kr 598.305 (opp kr 273.193)
- + Lønsutgifter, netto kr 74.959 (ned kr 366.694)
- Salg av grus- og fjellmasser, netto kr 111.210 (ned kr 231.470)
- Tømmerdrift, netto kr 0 (ned kr 68.156), mot «normalt» ca 1 200 m³ med rånetto på ca kr 200.000
- Bruksrettsytingar og tilskot, kr 231.688 (opp 114.692)
- Rekneskapshonorar, honorar for økonomisk og juridisk bistand, kr 95.853 (opp kr 95.853)
- Bokføring av utsett skatt. Dette er ikkje bokført tidlegare, og får dermed resultatverknad fullt ut for 2017. Del av utsett skatt som gjeld tidlegare år utgjer kr 143.335.

Per 31.12.2017 var innestående beløp i bank og kasse kr 1.401.346 (opp kr 162.877). Lån i Sparebank 1 kr 916.660 (opp kr 916.660). Kortsiktig gjeld er kr 467.181 (ned kr 303.034). Kortsiktig krav er kr 468.702 (ned kr 230.319).

Joramo Næringstun, 21.mars 2018

Tor Ivar Hovhaugholen
leiar

Birger Brækken
nestleiar

Pål-Lasse Torstad

Øivind Groven

Arne Hage

Irene Amundgård

Narve Tveiten
ålmenningsstyrar